



Camilla Jensen er spent foran oppvisninga laurdag føremiddag. Den hunden ho sit med her er ikkje den ho skal opptre med.

Dette blir spennande, innrømmer Camilla Jensen og siktar til ei oppvisning som Kvinnherad hundeklubb skal ha på scena i Husnes storsenter laurdag klokka 11.30.

To uskedelingar deltek med hundane sine og den andre er Isabell Walentinsen.

Camilla stiller med Ozzy som er ein australsk shepheard - altså gjetarhund.
Isabell har ein golden retriever som heiter Banilla.
Det vil delta 4 eller 5 hundar i oppvisninga. Det blir også jobba for å få
med ein mann med hund!

Dette er første gongen i 'nyare tid' at den lokale hundeklubben arrangerer oppvisning
og det er komponert eit program som skal visa kva hundane kan så langt.
- Dei kjem til å visa ymse triks og vi er sjølvstøtt spente på korleis hundane
vil te seg inne i storsenteret, seier Camilla.

Ho leiar klubben, som har rundt rekna 70 medlemmer. Til no har dei berre hatt
agility-tevlingar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen